

Nynorskordboka
HANSEN (red.)

BORTKASTA TID?

Første utgåve 2003

Ja til sidemål!

Unge Høgre og FpU vil fjerne eller uthole sidemålsordninga, med grunnlag i fordømmar om at sidemål er vanskeleg, at det går utover hovudmålet, og at det ikkje er naudsynt.

Vi vil at sidemålsundervisinga skal betrast, ikkje fjernast!

Normalt kuttar ein ikkje ut fag dersom elevane synest dei er vanskelege, ein freistar å leggje om undervisningsformene. Sidemålet er det einaste faget som vert utsett for den motsette logikken; det er så vanskeleg at vi må kutte det ut!

Kvifor sidemål?

Sidemål gjev fridom til å velje

Skulen skal gje kunnskap til å ta sjølvstendige val. Kva språk ein vil nytte resten av livet, er eit viktig val. Når du har lært både bokmål og nynorsk, har du fridom til sjølv å velje kva språk du vil nytte.

Sidemålsundervising gjev større språkkunnskapar

Resultat frå forskning på det å vere tospråkleg viser at ein vert betre i språk av å lære fleire språk. Sidemål gjev oss ikkje mindre, men meir språkkunnskap. Påstanden om at det er betre å lære eit språk godt enn to språk dårleg er såleis ikkje eit argument.

Du får bruk for nynorsk!

For 85% er sidemålet nynorsk, eit språk over 600 000 skriv. Nynorsk vert brukt i bøker, aviser, teater, og i kommunar – på mange ulike område over heile landet. Tal frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet viser at over ein halv million jobbar krev at du kan nynorsk. Veit du kvar du kjem til å arbeide i framtida?

Sidemålsopplæringa tryggjer rettane til språkbrukarane

Bokmål og nynorsk er offisielt jamstelte. Begge gruppene har krav på å verte forståtte og ikkje nedvurderte på grunn av språket sitt. Både nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar har same retten til å få skriv frå det offentlege og lærebøker på språket sitt. For å sikre jamstilling mellom nynorsk og bokmål må begge språka vere ålmennekunnskap.

Føremålet med norskfaget er ikkje berre å lære å lese og skrive, men også å gje elevane ei innføring i den norske kulturen. Her har ikkje minst nynorsken ein sjølvsgd plass. Språket har djupe historiske røter i landet.

Fordømmar lyt motarbeidast med kunnskap, ikkje ved å fjerne det ein har fordømmar mot!

unge venstre



RØDUNGDOM

Vil du vita meir om nynorsk?
www.nynorsk.no/nmu skriv@nynorsk.no



NORSK MÅLUNGDOM